

Vedtekter (reglar og retningsliner) for tildeling av tilskot til fisketiltak i Byglandsfjorden og Otra.

Vedteke i kommunestyret 10.12.2014. Utv. sak 82/14.

1. Føremål.

- 1.1 Føremålet med ordninga er å stimulere til auka utnytting av fiskeressursane og etablere betre moglegheiter for næring/turisme som finst i innlandsfisket.
- 1.2 Målgruppe er grunneigarlag, fiskelag, einskildpersonar og føretak.

2. Økonomiske verkemiddel. Tilskot vert løyva gjennom:

- 2.1 Fond til fremje av fisk i Otra. Kor stort beløpet skal vere vert avgjort i dei årlege budsjettvedtaka i kommunestyret.
- 2.2 Ansvarsområde 3730 (fiskebiologen). Kor stort beløpet skal vere vert avgjort i dei årlege budsjettvedtaka i kommunestyret.
- 2.3 Andre øyremerkte midlar til fiskeforvaltning som kan vere aktuelle.

3. Krav til søkerane.

- 3.1 Søkjar må disponere eller forpakte fiskerett i Otra eller Byglandsfjorden i Bygland kommune.

- 3.2 Søkjaren må oppfylle vilkår i høve til gjeldande rekneskapslover.

4. Stønadsformer.

- 4.1 Søknaden kan kombinerast med prosjekt som innbefattar t.d. sportsfiske, næringsfiske, gardsturisme eller liknande. For deltaking i følgjande ordningar, så skal det ligge vedtak om førhandstilsegn frå Bygland kommune.
- 4.2 Tilskot til oppfiska kvantum av det som er dokumentert levert som matfisk, kr. 12 pr. kg.
- 4.3 I ein godkjent utfiskingsfase (4 – 8 år) vil ein legga vekt på å ta ut mest mogeleg av fisk som ikkje held kvalitetsmål , dvs. vrakfisk vert betalt med kr. 10 pr. kg. Dette skal kontrollerast ved at fiskaren skal leverere signerte kvantumslistar for kor mange kg vrakfisk som er fiska opp.
- 4.4 Ved oppstart av eit godt planlagt prosjekt kan det gjevast tilskot (30 %) til innkjøp av fiskereiskap.

5. Generelle reglar

- 5.1 Då ordninga har eit langsiktig perspektiv, kan det søkjast om stønad i prosjektperiodar på 4-8 år og det kan gjevast tilskot over fleire år dersom intensjonar og vilkår vert oppfylgte.
- 5.2 Eigenandel skal vera minimum 70 % .
- 5.3 Søknadsfrist er i år 1. juni , neste år 1. mars.

6. Vilkår.

- 6.1 Tilskota vert gjevne på vilkår av at formålet vert oppfylt. 50 % av tilskotet kan betalast ut ved tildeling. Resten kan utbetalast når dokumentasjon på sette vilkår føreligg.
- 6.2 Bygland kommune kan krevje tilskotet heilt eller delvis tilbakebetalt dersom sette vilkår for tilskotet ikkje vert innfridd.

[Søknadsskjema](#)